# Uskedal Utvikling

## Årsmøte 5. februar 2014

**Sakliste**

| | |
|---|---|
| 1. **Godkjenning av innkalling og sakliste** | |
| 2. **Val av møteleiar** | |
| 3. **Val av skrivar** | |
| 4. **Årsmelding frå styret** | **Vedlegg 1** |
| **Status Handlingsplan 2013** | **Vedlegg 1a** |
| 5. **Handlingsplan 2014** | **Vedlegg 2** |
| 6. **Rekneskap 2013** | **Vedlegg 3** |
| 7. **Driftsbudsjett 2014** | **Vedlegg 4** |
| 8. **Årskontingent og husleige 2014** | |
| 9. **Val** | **Vedlegg 5** |
| 10. **Innkomne saker** | |

**Styret**

# Årsmelding frå Styre i Uskedal Utvikling for 2013

**Styret**

Styret i Uskedal Utvikling (UU) har i året 2013, bestått av følgjande personar:

| | |
|---|---|
| Leiar | Kristian Bringedal |
| Nestleiar | Jan Erik Olsson |
| Skrivar | Hans Ordin Østebø |
| Styremedlem | Berit H. Døssland |
| Styremedlem | Finn Guddal |
| | |
| Rekneskapsførar (Ikkje i styre) | Alf Hjønnevåg |
| Revisor | Leon Gundersen |
| | |
| 1. vara medlem | Andreas Tarberg |
| 2. vara medlem | Ragnvald Myklebust |
| 3. vara medlem | Henrik Lyse |

**Styremøte**

Det er avhalde 9 styremøte sidan førre Årsmøte. Det er handsama 44 saker, derav 38 i 2013 og 6 i 2014. I tillegg kjem saker som gjeld oppfølging av prosjekt kjellar og oppgradering av elektrisk anlegg.

**Lokale møter**

Det er avhalde eit lukka møte vedrørande  turstiar langs elvaborga med diverse aktørar med særinteresser  til dette området.
Etter førespurnad har Styre i UU, deltatt på eit møte med Kvinnherad Vekstbedrift.
Etter førespurnad har representant frå Styre deltatt i møte med FAU og politikarane.

**Eksterne møter**

Representantar frå Styre i UU har deltatt på  følgjande eksterne møter:
Prosjekt Liv OG Lyst – Møte på Osterøy
Hordaland Fylkeskommune: Møte på Voss med tema Gode bustadar i sentrum.

**Søkt økonomisk støtte**
Det er i løpet av året søkt økonomisk støtte frå ulike aktørar, vedrørande drift og pågåande prosjekt i Gamleskulen.

**Opne møter UU**
Det vart avvikla 7 opne møter i UU.
Tema har vert:

| **Månad** | **Tema** |
|---|---|
| Mars | Nettsida |
| April | Status Festidalen – Presentasjon Thai vogna – Presentasjon prosjekt Liv OG Lyst |
| Juni | Kultur, turisme og Profilering |
| September | Presentasjon av prosjekt: ”Arealstrategi for tettstaden Uskedalen” |
| Oktober | Områdeplan – Arealstrategi for Uskedalen – Stadanalyse |
| November | Anleggsutvikling og spelemidlar |
| Desember | Status handlingsplan UU og nettsida uskedal.no |

**Stadanalyse - Arealstrategi for tettstaden Uskedalen**
UU har i samband Kvinnherad kommune sitt prosjekt ”Arealstrategi for tettstaden Uskedalen”, sett saman ei referansegruppa frå ulike lag og interessentar i bygda. Referansegruppa vert høyringspart i prosjektet.

**Gamleskulen**
Det er i løpet av det siste året utført mykje vedlikehald og arbeid med Gamleskulen. Bygget er mellom anna måla utvendig. I kjellar nærmar grunnarbeidet med drenering/avløp, ny stigekabel og planering seg ferdig. Ny hovudtavle for straum er levert, ikkje montert. Det lagt opp vatn og straum til Thai vogna.

Det er mottatt skriftleg søknad om bruk av kjellar i Gamleskulen som næringsareal. Styre har valt å ikkje inngå noko avtale. Skal Uskedal Utvikling klare å gjennomføra prosjektet, er vi avhengig av å få økonomiske midlar frå støtteordningar. Støtteordningar vært bare gitt til ålmennyttige føremål, ikkje næring. Svarbrev om vedtak er sendt til søkjar.

**Nettsida uskedal.no**

Det har i løpet av året vert gjort mindre endringar i menyoppstillinga på sida.
Nytt av året er at møtereferat får styremøte og opne møter i UU vert lagt ut på nettsida.
Alle tidlegare utgåver av Uskedalsposten er gjort tilgjengeleg på uskedal.no.
Det vart etablert avtale med 4 nye sponsorar, 2 ynskte ikkje lengre å vera sponsor.

Nyhende delen av uskedal.no vert handsama i eiga Årsmelding frå redaktøren.

# Uskedal Utvikling

## Handlingsplan 2013 - Årsmelding

- ***Med bakgrunn i justerte vedtekter få Uskedal Utvikling registrert i Frivilligregisteret***

Arbeidet er gjort. Vedtektene vart justert på årsmøte 2013 og tilpassa krava frå Frivilligregisteret.

- ***Halda fram arbeidet med finansiering, planlegging byggesteg 1,-  kjellaren***

Det er løyvd midlar frå Sparebank1 stiftinga Kvinnherad. Det vert vidare søkt kommunalt byggetilskot.
Strauminntaket er lagt i jordkabel. Ny hovudtavle vert montert. Kjellaren er rydda, drenert, planert og gjort klar for støyping av golv. Nytt avløp er på plass.

- ***Leggja til rette for bygdeutvikling gjennom prosjektet Liv OG Lyst***

Det vart søkt og løyvd prosjektmidlar og SMIL midlar til oppstart i 2013. Ikkje brukt noko til no. Leiar har vore på ei nettverkssamling på Osterøy. Leiar og varaleiar har vore på seminar om tettstadutvikling.

- ***Få Gamleskulen utvending målt***

Er gjort

- ***Halda fram drifta av Kafe Tiaren og Føremiddagstreffet***

Er gjort. Alle frivillige på Kafe Tiaren har vore inviterte til Tapaskveld.
Uskedal utvikling stør opp om Strikkekafeen.

- ***Halda fram arbeidet med sentrumsutvikling, motivera til rydding i strandsona, langs hovudvegen og langs elva***

Sentrumsutvikling:Ulike møte og drøftingar er gjennomført. Arbeidet vert ført vidare i Plan for arealstrategi.
Rydding: Er delvis gjennomført. Rydding og renovasjon på badestranda på Stølavikjo er gjort, men det krev ei kvalitetssikring og oppfylgjing. Ryddinga i sentrum og langs hovudvegen er rimeleg god. Det er Eleveeigarlaget sitt ansvar å fylgja opp arbeidet med rydding langs elva.

- ***Halda nye datakurs for seniorar og andre som treng det***

Arbeidet er berre delvis vidareført i 2013. Arbeidet kan bli vidareført i 2014, men då med meir tilpassa tilbod.

- ***Halda oppe og vidareutvikla drifta av uskedalen.no***

Er gjort.

- ***Støtta opp om aktivitetar knytt til Uskedal skule***

Uskedal utvikling har vore i fleire møte/drøftingar om renovering Uskedal skule.
Nytt ventilasjonsanlegg er på plass. Arbeidet med opprustninga held fram.

- ***Halda fram arbeidet i Dialogforumet, Arbeidsgruppe for kultur, turisme og profilering, redaksjonsgruppa, arbeidsgruppa Gamleskulen og Arbeidsgruppe pakketilbod for tilreisande grupper***

Dialogforumet har vore ansvarleg for 2 møte, vår og haust.
Redakjsonsgruppa er samla når det er trong for det. Nettsida skal friskast opp i 2014.
Det er gjennomført to bygdevandringar i arbeidsåret.
Arbeidet med pakketilbod er inntil vidare lagt på is.

- ***Fylgja opp innmelde og aktuelle saker, mellom anna arbeidet med Stadanalyse/ Sentrumsplan ( frå 2014 )***

Er gjort. Møte med mellom anna Kvinnherad vekstbedrift om vidare utbygging av anlegget.
Møte med kommunen om Plan for arealstrategi.

- ***Arbeida for eit godt eigna og tilrettelagt parkeringsareale i sentrum***

Ikkje arbeidd med som eiga sak. Må sjå det i samanheng med arbeidet sentrumsutvikling.

- ***Ta opp saka med tursti langs elva***

Etter møte med Eleveigarlaget og nokre grunneigarar vart vi samde om fylgjnade:

- Turvegen over Dønhaug vert lagt om slik at ein på nytt går gjennom tunet v/ Gardsbarnehagen og ikkje langs steingarden ned til Kjærlandsvegen
- Grunneigarane ynskjer betre tilsyn og oppfylgjing i høve til grusing og grindar. Med støtte frå Haugland Maskin og Norstone, Dimmelsvik, vart deler av turvegen grusa i 2013.
- Arbeidet med grinar er ikkje gjort. Vert vidareført i 2014
- Det vert ikkje arbeidd vidare med turveg på elvaborgo på Myklebust
- I samråd med dei grunneigarane det gjeld, vert det arbeidd vidare med turveg over brua på Dønhaug, over Holmane og opp til fylkesvegen på Øvre Feet.

- ***Veglys til Gardsbarnehagen på Dønhaug***

| |
|---|
| Skriv til Kvinnhertad kommune er sendt. Lovnad om innhenting av pris. Kan bli løyst i 2014. |

- ***Auka medlemstalet til minst 100***

| |
|---|
| Berre delvis gjort. Målet er ikkje nådd. Vert arbeidd vidare med i 2014, særleg å få lag, organisasjonar og verksemder til å sjå nytten med eit medlemssskap. |

# Uskedal Utvikling

## Handlingsplan 2014

**Styret vil:**

- Halda fram arbeidet med  byggesteg 1,-  kjellaren, Gamleskulen
- Leggja til rette for bygdeutvikling gjennom prosjektet Liv Og Lyst
- Halda fram drifta av Kafe Tiaren og Føremiddagstreffet
  Stø opp om Strikkekafeen.
- Syna positiv merksemd og hjelpa til med næringsetablering
- Halda fram arbeidet med sentrumsutvikling, motivera til rydding i strandsona, langs hovudvegen og langs elva. Dette gjeld og vegitasjonspleie på offentleg areale. Planarbeidet med arealstrategi for sentrum vil vera eit prioritert tiltak.
- Kurs: Datakurs for seniorar, fyrstehjelpskurs og bruk av hjartestartar
- Halda oppe og vidareutvikla drifta av uskedalen.no
- Halda fram arbeidet i  Dialogforumet, Arbeidsgruppe for kultur, turisme og profilering, redaksjonsgruppa, arbeidsgruppa Gamleskulen og Arbeidsgruppe pakketilbod for tilreisande grupper
- Fylgja opp innmelde og aktuelle saker og kalla inn til særmøte for å sikra framdrifta fram mot ei løysing
- Saman med grunneigarane sjå kva vi kan gjera for å rusta opp ”Gamlevegen” til Rød
- Arbeidet med veglys til Gardsbarnehagen på Dønhaug held fram
- Auka medlemstalet og engasjementet frå lag/organisasjonar og bedrifter
- Vedlikehalda eksisterande turstiar

ostboks 33
465 USKEDALEN

| Regnskapsår 2013 (01.01.2013-31.12.2013), F.o.m. periode 1 t.o.m. periode 13., Avdeling (Ingen), Budsjett Driftbudsjett, Valuta NOK, Kilde Hovedbok | | Periodeutvalg | Periodeutvalg i fjor | Budsjett denne periode |
|---|---|---|---|---|
| **Driftsresultat** | | | | |
| **Driftsinntekter** | | | | |
| **Salgsinntekter** | | | | |
| 3110 | Salgsinntekter, avgiftsfrie | -77 262,50 | 0,00 | 0,00 |
| 3111 | Sal Tiaren | -69 115,00 | -72 624,85 | 0,00 |
| 3441 | Datakurs | -300,00 | -3 500,00 | 0,00 |
| **Salgsinntekter** | | **-146 677,50** | **-76 124,85** | **0,00** |
| **Annen driftsinntekt** | | | | |
| 3611 | Leige gamleskulen | -29 900,00 | -27 290,00 | 0,00 |
| 3612 | Kvh. kommune stønad | 0,00 | -17 400,00 | 0,00 |
| 3613 | Støtte LAVO | 0,00 | -20 000,00 | 0,00 |
| 3614 | Frå Ssparebank1 Stil. | 0,00 | -60 000,00 | 0,00 |
| 3615 | Støtte Leikeapparat | 0,00 | -10 000,00 | 0,00 |
| 3621 | Hordaland F. Liv og Lyst | -20 000,00 | 0,00 | 0,00 |
| 3701 | Annonse Uskedalen.no | 0,00 | -123 000,00 | 0,00 |
| 3900 | Andre driftsrelaterte inntekter | -1 636,00 | -775,00 | 0,00 |
| 3901 | Medlemspengar | -9 901,00 | -13 500,00 | 0,00 |
| 3902 | Gåve anonym | 0,00 | -16 000,25 | 0,00 |
| **Annen driftsinntekt** | | **-61 437,00** | **-287 965,25** | **0,00** |
| **Driftsinntekter** | | **-208 114,50** | **-364 090,10** | **0,00** |
| **Driftskostnader** | | | | |
| **Varekostnad** | | | | |
| 4111 | Varekjøp Tiaren | 30 349,85 | 31 727,80 | 0,00 |
| **Varekostnad** | | **30 349,85** | **31 727,80** | **0,00** |
| **Annen driftskostnad** | | | | |
| 6320 | Renovasjon, vann, avløp mv. | 6 688,00 | 2 659,00 | 0,00 |
| 6340 | Lys, varme | 22 519,87 | 3 784,04 | 0,00 |
| 6561 | Blomar | 11 762,00 | 10 056,00 | 0,00 |
| 6562 | Div. kjøkkenutstyr | 1 418,15 | 27 790,19 | 0,00 |
| 6600 | Reparasjoner og vedlikehold bygninger | 16 722,10 | 12 100,00 | 0,00 |
| 6601 | Vedlikhald uteareal | 44 025,00 | 0,00 | 0,00 |
| 6620 | Reparasjoner og vedlikehold utstyr | 0,00 | 2 743,00 | 0,00 |
| 6720 | Honorar for økonomisk & juridisk bistand | 0,00 | 938,00 | 0,00 |
| 6800 | Kontorrekvisita | 0,00 | 1 425,00 | 0,00 |
| 6811 | Kvinnherad Breiband | 3 600,00 | 3 675,00 | 0,00 |
| 6812 | EDB utstyr | 2 278,25 | 20 682,62 | 0,00 |
| 6813 | Uskedalen.noDrift | 13 944,00 | 27 135,93 | 0,00 |
| 6815 | LAVO | 2 973,00 | 22 026,90 | 0,00 |
| 6816 | LEIKEAPPARAT | 0,00 | 18 767,00 | 0,00 |
| 6817 | Oppgrad. kjeller | 65 639,05 | 0,00 | 0,00 |
| 6818 | Rep. el.anlegg | 43 805,50 | 0,00 | 0,00 |
| 6860 | Møter, kurs, oppdatering mv. | 1 842,92 | 1 423,90 | 0,00 |
| 6940 | Porto | 1 404,20 | 1 039,80 | 0,00 |
| 6990 | Ymse utgifter | 6 628,00 | 1 071,50 | 0,00 |
| 7350 | Representasjon, fradragsberettiget | 0,00 | 7 250,00 | 0,00 |
| 7500 | Forsikringspremier | 9 053,00 | 8 281,00 | 0,00 |
| 7770 | Bank og kortgebyrer | 597,00 | 188,50 | 0,00 |
| **Annen driftskostnad** | | **254 900,04** | **173 037,38** | **0,00** |
| **Driftskostnader** | | **285 249,89** | **204 765,18** | **0,00** |
| **Driftsresultat** | | **77 135,39** | **-159 324,92** | **0,00** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | | |
| **Finansinntekter** | | | | |
| **Annen renteinntekt** | | | | |
| 8040 | Renteinntekter, skattefrie | -1 903,16 | -1 834,00 | 0,00 |
| **Annen renteinntekt** | | **-1 903,16** | **-1 834,00** | **0,00** |
| **Finansinntekter** | | **-1 903,16** | **-1 834,00** | **0,00** |

**Regnskapsår 2013 (01.01.2013-31.12.2013), F.o.m. periode 1 t.o.m. periode 13., Avdeling (Ingen), Budsjett Driftbudsjett, Valuta NOK, Kilde Hovedbok**

| | Periodeutvalg | Periodeutvalg i fjor | Budsjett denne periode |
|---|---|---|---|
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | -1 903,16 | -1 834,00 | 0,00 |
| **Resultat før ekstraordinære inntekter og kostnader** | 75 232,23 | -161 158,92 | 0,00 |
| **Resultat før skattekostnad** | 75 232,23 | -161 158,92 | 0,00 |
| **Årsoverskudd / Underskudd** | **75 232,23** | **-161 158,92** | **0,00** |
| 8960 Overføringer annen egenkapital | 0,00 | 161 158,92 | 0,00 |
| **Annen egenkapital** | 0,00 | 161 158,92 | 0,00 |
| **Oppskrivninger og overføringer (Aksjeselskap)** | 0,00 | 161 158,92 | 0,00 |
| **Disponeringer** | **0,00** | **161 158,92** | **0,00** |

**ISKEDALEN UTVIKLING** **Balanse detaljert**

ostboks 33
465 USKEDALEN

egnskapsår 2013 (01.01.2013-31.12.2013), F.o.m. periode 1
o.m. periode 13., Avdeling (Ingen), Valuta NOK, Kilde Hovedbok

| | | | Periodeutvalg | Hittil i år | Periodeutvalg i fjor | Hittil i fjor |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Eiendeler** | | | | | | |
| **Omløpsmidler** | | | | | | |
| **Fordringer** | | | | | | |
| **Kundefordringer** | | | | | | |
| **Sum Kundefordringer** | | | **0,00** | **0,00** | **0,00** | **0,00** |
| **Sum Fordringer** | | | **0,00** | **0,00** | **0,00** | **0,00** |
| **Bankinnskudd, kontanter o.l.** | | | | | | |
| **Bankinnskudd, kontanter o.l.** | | | | | | |
| ✓ | 1931 | Brukskonto | 475,96 | 475,96 | 156 403,14 | 156 403,14 |
| ✓ | 1932 | Tiaren | 443,38 | 443,38 | 78 509,84 | 78 509,84 |
| | 1933 | Bygdeutvikling | | | 48 151,46 | 48 151,46 |
| | 1934 | Sparekto | | | 57 425,00 | 57 425,00 |
| | 1971 | Foreningskonto | 103 496,16 | 103 496,16 | | |
| ✓ | 1972 | TIAREN | 54 054,81 | 54 054,81 | | |
| ✓ | 1973 | Bygdeutvikling | 48 289,73 | 48 289,73 | | |
| | 1974 | Særvilkår, Næring | 58 497,17 | 58 497,17 | | |
| **Sum Bankinnskudd, kontanter o.l.** | | | **265 257,21** | **265 257,21** | **340 489,44** | **340 489,44** |
| **Sum Bankinnskudd, kontanter o.l.** | | | **265 257,21** | **265 257,21** | **340 489,44** | **340 489,44** |
| **Sum Omløpsmidler** | | | **265 257,21** | **265 257,21** | **340 489,44** | **340 489,44** |
| **Sum Eiendeler** | | | **265 257,21** | **265 257,21** | **340 489,44** | **340 489,44** |
| **Egenkapital og gjeld** | | | | | | |
| **Egenkapital** | | | | | | |
| **Opptj. egenkapital** | | | | | | |
| **Annen egenkapital** | | | | | | |
| ✓ | | Udisponert resultat | 75 232,23 | 75 232,23 | | |
| | 2050 | Annen egenkapital | -340 489,44 | -340 489,44 | -340 489,44 | -340 489,44 |
| **Sum Annen egenkapital** | | | **-265 257,21** | **-265 257,21** | **-340 489,44** | **-340 489,44** |
| **Sum Opptj. egenkapital** | | | **-265 257,21** | **-265 257,21** | **-340 489,44** | **-340 489,44** |
| **Sum Egenkapital** | | | **-265 257,21** | **-265 257,21** | **-340 489,44** | **-340 489,44** |
| **Sum Egenkapital og gjeld** | | | **-265 257,21** | **-265 257,21** | **-340 489,44** | **-340 489,44** |

Revidert 17/1-2014
Leon Gundersen

# Uskedal Utvikling

## Driftsbudsjett 2014

| | |
|---|---|
| **Driftsinntekter:** | |
| Sal Tiaren | 69 115 |
| Leige Gamleskulen | 29 900 |
| Kvh Kommune Stønad | 10 000 |
| Annonse Uskedalen.no | 77 000 |
| Medlemskontingent | 12 400 |
| **Sum Driftsinntekter** | **198 415** |

| | |
|---|---|
| **Driftskostnader:** | |
| Varekjøp Tiaren | 30 000 |
| Elektrisitet | 22 500 |
| Blomar | 12 000 |
| Diverse kjøkkenutstyr | 5 000 |
| Vedlikehold Bygninger | 20 000 |
| Reparasjoner utstyr | 1 000 |
| Kontorrekvisita | 1 400 |
| Kvinnherad Breiband | 3 750 |
| Datautstyr | 10 000 |
| Drift Uskedalen.no | 26 000 |
| Møter kurs og oppfølging | 3 000 |
| Porto | 1 500 |
| Forsikringspremie | 10 000 |
| Ymse utgifter | 40 000 |
| Sum **Driftskostnader:** | 186 150 |

| | |
|---|---|
| Driftsresultat | 12 265 |

# Uskedal Utvikling

## Val 2014

Desse er på val:

- Leiar – (Kristian Bringedal) – 1 år
- Styremedlem – (Jan Erik Olsson) – 2 år
- Styremedlem – (Finn Guddal) – 1 år (Representant frå næringsdrivande)
- Vara medlem – Andreas Tarberg – 1 år
- Vara medlem – Ragnvald Myklebust – 1 år
- Vara medlem – Henrik Lyse – 1 år
- Revisor
- Valnemnd